



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

6 OKT 2014

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2011/148431-009

Dykkar referanse:

Vår dato:
26.09.2014

Statens vegvesen si handsamingav klage på vedtak av 1.september 2014 i avkøyrslø og dispensasjonssak frå byggjegrøse -Gnr. 196 bnr. 51- Toftevåg i Kvinnherad kommune

Dokument i saka:

	Ref.nr:	Dato:	Tittel på dokument:	Frå:
8	2011/148431-009	26.09.2014	Statens vegvesen si handsamingav klage på vedtak av 1.september 2014 i avkøyrslø og dispensasjonssak frå byggjegrøse -Gnr. 196 bnr. 51- Toftevåg i Kvinnherad kommune	Statens vegvesen
7	2011/148431-008	19.09.2014 mottatt 22.09.2014	Gnr. 196 bnr. 51 i Kvinnherad kommune - Klage på vedtak av 1. september 2014	KLUGE adv. firma
6	2011/148431-007	01.09.2014	Avslag på søknad om avkøyrslø og parkeringsplass og dispensasjon frå plankrav til bygging av naust og brygge - gnr. 196 bnr. 51- Toftevåg i Kvinnherad kommune	Statens vegvesen
5	2011/148431-006	11.08.2014 mottatt 12.08.2014	Etterlyser svar på søknad om avkjørsle og parkeringsplass og dispensasjon fra plankrav til bygging av brygge og naust på gnr. 196 bnr. 51.	Liv Helvik Skjærven
4	2011/148431-004	12.03.2012	Epost – Søknad sendt kommunen om avkøyrslø og parkeringsplass gnr. 196 bnr. 51 - Toftevåg - Bygging av brygge	Liv Helvik Skjærven
3	2011/148431-003	03.10.2011 mottatt 10.10.2014	Vedr. dispensasjon fra plankrav - gnr. 196 bnr. 51 - Toftevåg i Kvinnherad kommune	Liv Helvik Skjærven
2	2011/148431-002	26.09.2011	Vedk. dispensasjon fra plankrav - gnr. 196 bnr. 51 - Toftevåg i Kvinnherad kommune - Uttale	Statens vegvesen
1	2011/148431-001	22.09.2011	Dispensasjon fra plankrav - gnr. 196 bnr. 51 - Toftevåg i Kvinnherad kommune - Uttale	Kvinnherad kommune

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Saksinformasjon:

Kvinnherad kommune sendte 22. september 2011 over forslag til saksframlegg for dispensasjonssak og bad Statens vegvesen om uttale i samsvar med Plan- og bygningslova § 19-1. Eventuelle merknader frå Statens vegvesen skulle så verta innarbeidde i det endelege saksframlegget.

Saka galt oppføring av naust og kai på frådelt tomt på gnr. 196, bnr. 51 i Toftevågen, Halsnøy.

I arealdelen til Kommunedelplan for Halsnøy-området (Halsnøy-Borgundøy-Fjelbergøy) 2008 – 2017, er eigedom gnr. 196/51 ein del av eit større område som er avsett til fritidsbusetnad (F-15 Toftevågen) og i føresegnene er det stilt plankrav til området:


«

Føresegner


Tiltak som nemnt i pbl §§ 81,84, 86a, 86b og 93, samt frådelling til slike formål kan ikkje igangsetjast før området inngår i reguleringsplan eller bebyggelsesplan (jf pbl §20-4 andre ledd, bokstav a).

Framtidige byggjeområde der det er sett plankrav (R: Reguleringsplan, B: Bebyggelsesplan)

«



Utsnitt av kommunedelplan for Halsnøy-området 2008-2017



Raud pil viser gnr. 196 bnr. 51

Det er ikkje utarbeidd eller godkjend ein reguleringsplan for området (F-15).

Statens vegvesen gav uttale til dispensasjonssaka i skriv datert 26. september 2011, der vi påpeika at det ikkje føreligg godkjend reguleringsplan, og at vi skulle ha naudsynte søknadar om avkøyring, dispensasjon frå byggjegrænse og evt andre dispensasjonssøknadar med heimel i plan- og bygningslov eller veglov.

I uttalen påpeika vi at det heller ikkje var søkt om avkøyrsløse til det aktuelle tiltaket. Statens vegvesen ville stilla krav til at det er stilt minimum 1 parkeringsplass til disposisjon for naustet. Eigar av gnr. 196/51 har også fritidsbustad på motsatt side av fylkesvegen, gnr. 196/41 og 53. Nausteigedomen kan heller ikkje få tilfredsstillande parkeringsplassar ved denne fritidseigedomen.

Statens vegvesen sette som føresetnad i uttalen at det ikkje vart gjeve dispensasjon til oppføring av naust og kai før vi hadde motteke og teke stilling til søknad om avkøyrsløse m/parkering og dispensasjonssøknad i høve veglova.

Den 13. oktober 2011 mottok vi kopi av skriv frå tiltakshavar som var sendt til Kvinnherad kommune. Der viser den til uttalen frå Statens vegvesen, datert 21.09.2011 og det vert understreka at søknaden omhandla utbetring av sjøtomta med bygging av brygge og ikkje naust og kai. Dette skulle vera eit delprosjekt i påvente av at arbeidet med reguleringsplanen vart ferdig i samsvar med dei planar dei hadde for bryggje og (hytte-)naust på tomta.

Viser vidare til kommunedelplanen:

«

Generelle retningslinjer

Hamn og farvatn


Alle tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova sine reglar (kai, flytebryggje o.l.) skal godkjennast av Kystverket. Kaier/bryggjer bør vere tilpassa funksjon som kai (ikkje solingsplass, veranda e.l.). Pir bør ikkje vere breiare enn 2 meter og skal ikkje hindre tilflot til evt. naust, oppdrag e.l. Pirens lengd vert å vurdera separat for kvar søknad ut frå bygde og naturgjevne tilhøve. For at nedbygginga av strandsona skal bli minst mogleg skal det ved søknad om kai/pir vurderast om tiltaket kan vera felles for to eller fleire eigedomar.

«

Ut frå skrivet frå tiltakshavar til Kvinnherad kommune (motteke 10.10.2011) vurderte Statens vegvesen, at det her ikkje var snakk om naust før dette vart lagt fram i ein reguleringsplan som også tok for seg byggjegranser, tilkomstvegar, parkering og andre trafikksikringstiltak i ein større samanheng. Med dette skrivet, vurderte Statens vegvesen det slik at søknaden om dispensasjon frå plankravet ikkje vart handsama vidare i Forvaltningskomiteen, sidan vi ikkje hadde fått kopi av vedtak frå kommunen.

I korrespondanse med tiltakshavar (epost 12.03.2014) vart det opplyst at Kvinnherad kommune hadde motteke søknad om ny avkøyrsløse og dispensasjon frå byggjegrænse til oppføring av naust. Statens vegvesen har ikkje motteke denne søknaden frå Kvinnherad kommune.

I brev av 11.08.2014 etterlyser tiltakshavar svar på søknad om avkøyrsløse og dispensasjon frå byggjegrænse til bygging av bryggje og naust.



Plassering av naust, avkøyrsløse og parkering

Statens vegvesen valde å avslå søknaden om avkøyrsløse (vedtak datert 01.09.2014) med grunngeving at den omsøkte avkøyrsløse ikkje stettar dei tekniske krava til avkøyrsløse (jmf. vegnormalane) og heller ikkje etter vurderinga i høve til ny rammeplan for avkøyrsløse.

Statens vegvesen valde å avslå søknaden om dispensasjon frå byggjegrense (vedtak datert 01.09.2014) med grunngeving at det omsøkte naustet med ein avstand på 6,5 meter frå midte veg kan skapa problem for vedlikehald av fylkesvegen, støv- og støyproblematikk og kriteria i «Rammeplanen for avkøyrsløse og byggjegrenser».

Naustet er heller ikkje i samsvar med føremålet fritidsbustad i kommunedelplanen

Klagesaka gjeld avslag på søknad om avkøyrsløse til fylkesvegen, samt avslag på søknad om dispensasjon får byggjegrense (6,5 meter) til midte fylkesveg 63.

Klage frå tiltakshavar:

Kluge Advokatfirma AS representerer tiltakshavar Liv Helvik Skjærven

- Meiner at det i saksframlegget kjem fram at saka vart sendt til regionale organ til uttale og at vedtaket ville vort sendt til klagevurdering dersom dei mottok vesentlege merknader til saka.
- Peikar på at Kvinnherad kommune (Forvaltningskomiteen) fatta vedtak i saka 05.10.2011 og at dei gav dispensasjon frå plankravet i kommunedelplanen og gav løyve til oppføring av naust og kai på egedomen.
- Viser til kommunen si samordningsplikt etter plan- og bygningslova §21-5 og at Statens vegvesen har plikt til å avgjera saka innan 4 veker etter å ha motteke den.
- Av kommunen sitt vedtak av 05.10.2011 kjem det fram at det ikkje er motteke vesentlege merknader til dispensasjonssøknad frå plankrav. Det er heller ikkje sett fram krav om at det skal hentast inn løyve frå Statens vegvesen.
- Påstår at det ligg føre vesentlege feil i sakshandsaminga og at sentrale aspekt i saka verken er vurdert eller omtala. Statens vegvesen sitt avslag er grunna i forhold som alt er vurdert og ligg utanfor dei omsyn som Statens vegvesen kan ta.
- Viser til at det framgår i «Rammeplanen» at talet på direkte avkøyrsløse må avgrensast i Haldningsklasse 3.
- Meiner at forholdet til avkøyrsløse burde vore teke opp av Statens vegvesen på eit tidlegare tidspunkt og under kommunens handsaming av byggjesøknaden med dispensasjon frå plankravet.
- Påstår at det ikkje er krav til at det skal vera snu- og parkeringsplass på eigen grunn for ei avkøyrsløse til naust.
- Det er ikkje føreteke ei nærare vurdering om det er grunnlag for å fråvika siktkrava, ut i frå at avkøyrsløse skal brukast til tilkomst til naust og bryggje, ikkje til bustad.
- Viser til at byggjegrensa i Haldningsklasse 3 i «Rammeplanen» er sett til 30 meter.
- Byggjegrensene følgjer veglova §29 og at den gjeld når ikkje anna er bestemt i kommuneplan, kommunedelplan eller reguleringsplan. Det vil seia at nær heile området F-15 ligg mindre enn 30 meter frå vegens midtlinje.
- Meiner at forholdet til avstanden frå vegen har vore vurdert i samband med kommunedelplanen sitt vedtak. Denne gjeld også forholdet til arealføremålet og

plankravet som vart vurdert av kommunen, som rette mynde, då kommunen gav dispensasjon frå plankravet i sitt vedtak av 05.10.2011.

- Viser til at støyproblematikken vil verta ivareteke av kommunen gjennom den ordinære byggjesakshandsaminga og at det her ikkje er søkt om bygning til bustadføremål.

På vegne av Liv Helvik Skjærven meiner Kluge Advokatfirma AS at vedtaket av 01.09.2014 er ugyldig.

Merknad frå andre partar:

Ingen.

Vurdering av klage:

- Det stemmer at saksframlegget vart sendt (22.09.2011) oss til uttale i samsvar med PBL §19-1 og vi sende straks uttale (26.11.2011) tilbake til kommunen, der Statens vegvesen føreset at det ikkje vert gjeve dispensasjon til oppføring av naust og kai. Statens vegvesen vurderer dette som ein vesentleg merknad til søknaden om dispensasjon frå plankrav.
Statens vegvesen viser til Plan- og bygningslova:
«
§ 19-2.Dispensasjonsvedtaket
Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.
Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.
Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.
Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.
Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjoner og fastsette tidsfrist for behandling av dispensasjonssaker.
«
- Statens vegvesen var ikkje klar over at Forvaltningskomiteen hadde gjort vedtak i saka i møte den 05.10.2011, før vi mottok klagen frå Kluge Advokatfirma AS, den 22.september 2014. Kommunen har ikkje oversendt vedtaket til oss for klagevurdering.
Det vert vist til kommunen si saksutgreiing:
«
Merk: Saka er sendt på uttale til regionale organ. Dersom det kjem vesentlege merknadar vil saka bli sendt på klagevurdering. Fylkesmannen gjev for tida ikkje uttalar til dispensasjonssaker, slik at FM i alle høve skal ha saka til klagevurdering.
«

Statens vegvesen har såleis ikkje hatt høve til å påklaga Forvaltningskomiteen sitt vedtak.

- I oversendingsskrivet (22.09.2011) frå Kvinnherad kommune står det:
 - «
Eventuelle merknader frå dykk vil verta innarbeidde i det endelege saksframlegget.
 - «

I journalposten på Kvinnherad kommune sine nettsider viser det seg at Statens vegvesen sin uttale (26.09.2011) ikkje vart innarbeidd i saksframlegget og heller ikkje lagt fram som dokument i saka.
- Det vart opplyst at Kvinnherad kommune hadde motteke søknad om ny avkøyrsløye og dispensasjon frå byggjegrense til oppføring av naust. Statens vegvesen har ikkje motteke denne søknaden frå Kvinnherad kommune, og vi gjekk då ut i frå at kommunen ikkje hadde handsama dispensasjon frå plankravet. Dette på grunn av at det ikkje var søknad om (hytte-)naust, jmf. skriv frå tiltakshavar (motteke 10.10.2011).
- Etter at søknad om avkøyrsløye og dispensasjon frå byggjegrense vart etterlyst, valde Statens vegvesen å handsama dette etter veglova, då søknaden kom direkte til oss frå tiltakshavar.
- Søknaden om ny avkøyrsløye vart avslått etter veglova med grunngjeving i at avkøyrsløye ikkje ville oppfylla våre krav til teknisk utforming. Dette gjeld både siktkrav, snumogelegheiter på eige tomt og krav til svingradius. Eit (hytte-)naust er klart eit tiltak som krev parkeringsplass. Når ein ikkje kan disponera ein parkeringsplass i nærleiken av naustet, krev ein godkjend avkøyrsløye til nausttomta.
- Dispensasjonssøknaden for bygging av naust 6,5 meter frå fv. 63 vart avslått med grunngjeving i «Rammeplanen Haldningsklasse 3», der byggjegrensa er sett til 30 meter der det ikkje føreligg reguleringsplan. Her er det sett plankrav og gjennom ein reguleringsplan ville byggjegrensa vore avklara.
- Viser elles til PBL §27-4 Adkomst:
 - «
*Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal byggetomta enten være sikret lovlig atkomst til veg som er åpen for alminnelig ferdsel eller ved tinglyst dokument eller på annen måte være sikret vegforbindelse som kommunen godtar som tilfredsstillende. **Avkjørsel fra offentlig veg må være godkjent av vedkommende vegmyndighet, jf. veglova §§ 40 til 43.***
 - Dersom vegforbindelse etter kommunens skjønn ikke kan skaffes uten uforholdsmessig vanske eller utgift, kan kommunen godta en annen ordning.*
 - «

Her føreligg det ikkje godkjent avkøyrsløye.
- Forholdet til avstanden frå vegen har ikkje vore vurdert i samband med kommunedelplanen, men det vart stilt plankrav til området, der ein i reguleringsplan vil vurdera byggjegrensa.

- Med heimel i PBL §19-2 gav kommunen dispensasjon frå plankravet i sitt vedtak av 05.10.2011. Dei gav ikkje byggjeløyve til naustet. Dette må det søkjast om i samsvar med PBL Kapittel 20:

«

§ 20-1. Tiltak som krever søknad og tillatelse

Med mindre annet framgår av §§ 20-3 og 20-4, må følgende tiltak, på eller i grunnen, i vassdrag eller i sjøområder, ikke utføres uten at søknad, og eventuelt søknad om dispensasjon, på forhånd er sendt kommunen, og den deretter har gitt tillatelse:

a) oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg.

«

- Forvaltningskomiteen sitt vedtak, av 05.10.2011, omhandla dispensasjon frå plankrav og løyve til oppføring av naust og kai. Det vart ikkje søkt om dispensasjon i høve føremålet i kommunedelplanen, frå føremålet fritidsbustad til føremålet naust. Vi viser til at det i skriv frå tiltakshavar (motteke 10.10.2011) er det beskrive (hytte-)naust. Vi føreset då at deler av naustet vil verta nytta til fritidsføremål.

Statens vegvesen ser at det føreligg vesentlege feil i sakshandsaminga frå kommunen si side, då vi ser at vår uttale av 26.09.2011 ikkje vart vurdert i saka og at Statens vegvesen ikkje fekk høve til å påklaga vedtaket til Forvaltningskomiteen.

Statens vegvesen ser ikkje at det er kome nye moment i klagen som gjev grunnlag for å endra på sitt vedtak om avslag på søknad om ny avkøyrsløse og søknad om dispensasjon frå byggjegrænse.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger

Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonssjef


Per Steinar Nedkvitne